



KINN KOMMUNE

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 11. Juni 2020
STAD: Florø, Møterom i Øklandsbygget i Florø
Måløy, Einevarden på Rådhuset i Måløy

TID: Kl. 10.00 – 11.35

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet:

Bjørn Hollevik, leiar
Nils Myklebust, nestleiar
Kjell Heggen, medlem

Vara: Rune Nilsen, vara fast møtande med talerett.
Med alle rettar i dette møtet.

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar
Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

Vestland revisjon: Terje Førde, dagleg leiar.
Trine Havn, Kommunerevisor
Asgeir Tveit, oppdragsansvarleg/registrert revisor

Kinn kommune: Terje Heggheim, kommunedirektør
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef
Berit Osa, controllar
Norvall Bakke, rekneskapssjef. Under sakene 56 og 57
Frode Ellingsund, teknisk sjef. Under sakene 56 og 57

Forfall: Bente Frøyen Steindal. Ikkje meldt avbod
Hanne Husebø Kristensen. Ikkje meldt avbod

Møtet var leia av: Bjørn Hollevik.

SAKLISTE

- SAK 56/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 57/20 ETTTERKONTROLL AV VA-REKNESKAPEN I VÅGSØY OG FLORA KOMMUNAR FOR 2019
- SAK 58/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 59/20 FASTSETJING AV MØTESTAD FOR KONTROLLUTVALET
- SAK 60/20 EVENTUELT

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
56/20	033	08.06.2020	11.06.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Leiaren ville ha på saklista sak for Eventuelt, der flg. vert å ta opp: Møtestadar for møta for 2. halvår, Oppfølgingsoversikt over saker og Melding/spørsmål frå Nils Myklebust vedkomande Storhallen i vest.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Kjell Heggen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
57/20	212	08.06.2020	11.06.2020	JS

ETTERKONTROLL AV VA-REKNESKAPEN I VÅGSØY OG FLORA KOMMUNAR 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret konstaterer at Vatn og Avløpsrekneskapen pr. 31.12.2019 i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk på området. Det vert likevel vist til merknader som kjem fram i revisjonsuttalen og i revisjonsrapporten.

Vedlegg

1. Uttale frå Vestland Revisjon datert 02.06.2020. Signert av oppdragsansvarleg revisor for Kinn Kommune Asgeir Tveit
2. Revisjonsrapporten: «Sjølvkost på vatn og avløp Flora Kommune og Vågsøy Kommune 2019» datert 02.06.2020. Signert av oppdragsansvarleg revisor Asgeir Tveit og Kommunerevisor Trine Havn.

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde i sak 043/20 sak om vass- og avløpsgebyr den 20.04.2020 i pkt. 3 slikt vedtak: Kommunestyret er usikker på om VA-rekneskapen frå Vågsøy og Flora er rett og ber kontrollutvalet sjå på saka og rapportere til kommunestyret.

Kontrollutvalet gjorde bestilling til Vestland Revisjon den 13.05.2020 i sak 39/20.

I vedtaket/bestillinga står det bl.a:

Revisjonen gjennomgår grunnlagsmaterialet for sjølvkostområdet for Vågsøy og Flora avlagt i desember 2019 innafor VA-området for å kunne stadfeste at dette, saman med dei konklusjonane som har vore trekte, er i samsvar med gjeldande regelverk, m.a. sjølvkostforskrifta.

Vestland revisjon leverte rapporten 02.06.2020 saman med attestasjonsuttale om etterleving av reglar og vedtak for økonomiforvaltninga.

Revisjonsuttale

Grad av sikkerhet i revisjonsuttale

- Revisjonsuttale er ingen sikkerhet for at det ikkje kan forekomme feil i det materialet som uttalen dreiar seg om.

- Dette attestasjonsoppdraget er utført med **moderat sikkerhet** for at det ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Vi viser elles til sjølve revisjonsuttalen.

Der kjem det fram bl.a. fram flg. atterhald:

Flora kommune har ikkje rekna kalkulerte rentekostnader for dei framførbare underskota. I 2019 utgjer dette, basert på ei kalkylerente på 2,3%, kr 352.234,-.

Vi gjer merksam på at

- Revisor sin uttale om eit årsrekneskap er utført for å kunne gje **høg grad av sikkerhet** for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Rapporten

Samandraget i rapporten

Vi viser særleg til Samandraget framme i rapporten for enkel oversikt.

Rapporten inneheld vidare fire delar.

Vi tek fram nokre sentrale punkt, men tilrår likevel at heile rapporten vert lesen.

1. Innleiing

Det er berre Vatn og avløp som er undersøkte. Det er foresett at data i KomTek er rette.

2. Berekning av sjølvkost

I punkta 2.5 og 2.6 går det fram at inntekter og direkte kostnader er kontrollert gjennom året. Desse postane er såleis underlagt høg grad av sikkerhet mot vesentlege feil. Indirekte kostnader i punkt 2.7 er rimelegheitsvurderte av revisor.

Viser til punkt 2.9 oppsummert:

«Kommunen har teke med alle dei relevante kostnadstypene knytt til tenestene for vatn og avløp i 2019. Her er direkte kostnader, indirekte kostnader og kapitalkostnader. Vi har vurdert det slik at både Flora kommune og Vågsøy kommune har ført både inntekter og kostnader utan vesentlege feil»

3. Vass- og avløpsfond

I punkt 3.5 ser vi at Flora Kommune ikkje har berekna kalkulatoriske renter for 2019.

4. Konklusjon

Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp i 2019 i samsvar med reglar og retningsliner?

- *Vi har funne at berekning av sjølvkost for vatn og avløp i hovudsak er i samsvar med reglar og retningsliner.*

Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?

- *Vågsøy kommune har ført underskot i sjølvkostrekneskapen i samsvar med regelverket. Flora kommune har ikkje rekna kalkulatoriske renter på framførbare underskot. Vi vurderer det slik at manglande kalkulatorisk rentekostnad på framførbare underskot i 2019 er kr 352.234,- som skulle vore ført som framførbart underskot.*

Vedlegg

Note 18 i Flora kommune sin rekneskap
Note 14 i Vågsøy kommune sin rekneskap

Kommunedirektøren sin aksept

Kommunedirektøren har akseptert innhaldet i rapporten, sjå sida etter rapporten og notat

Svar på Kontrollutvalet si bestilling

Det synest som revisjonsuttalen svarar på bestillinga frå Kontrollutvalet si sak 39/20 og dei to problemstillingane som revisjonen har definert.

Avslutning

Med unntak av atterhaldet, konkluderer revisor med at dei to kommunane i det vesentlege har etterlevd reglane i H3/2014 om sjølvkost for vatn og avløp.

Rapporten kan leggest fram for Kontrollutvalet som svar på bestillinga i sak 39/20.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
58/20	049	08.06.2020	11.06.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 03.06.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 03.06.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
59/20	033	08.06.2020	11.06.2020	KS

FASTSETJING AV MØTESTAD FOR KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

Møtestadar vert slik for 2. h.å.

- 01.09.2020 Måløy
- 03.11.2020 Florø
- 08.12.2020 Måløy

Saksopplysningar

Det er viktig å få avklart kor kontrollutvalet ønskjer å ha møta, slik at ein kan avbestille/bestille møterom i god tid, då enkelte tar betalt for møteroma.

På grunn av smittevern i.h.t korona er det viktig å ha eit stort møterom kor ein kan sitte med god avstand til kvarandre.

Kontrollutvalet har vedtatt desse møtedatoane:

01.09.2020
03.11.2020
08.12.2020

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
60/20	033	11.06.2020	11.06.2020	JS

EVENTUELT

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet aksepterer at møtet den 17.06.2020 går ut.
2. Kontrollutvalet ber om sak om korleis ein kan ha løpande orientering til kontrollutvalet om ikkje avslutta saker.
3. Kontrollutvalet får klargjering frå kommunedirektøren om delegering av mynde, spesielt når det gjeld investeringsprosjekt. Dette for å få ein felles forståelse.

I møtet

Avlysing av møtet den 17.06.2020

Leiari orienterte om at dette møtet går ut. Viser til e-post frå Vest Kontroll som var sendt u.

Løpande orientering om saker i utvalet

Leiaren ber om sak om dette til neste møte.

Storhallen i vest

Nils Myklebust hadde sendt kopi av brev til leiaren og sekretariatet seint på kveld den 10.06.2020 vedkomande delutbetaling av fylkeskommunal støtte til Storhallen i Vest. Frå sekretariatet si side blei dette først oppdaga i dag og difor ikkje vidare sendt til medlemene.

Ordførar og kommunedirektør svara på spørsmål frå Nils Myklebust vedkomande Storhallen i Vest. Dei meiner at det formelle vedkomande Storhallen i Vest er på plass.

Det vart vidare stilt spørsmål om kommunedirektøren har dei nødvendig fullmakter til å setje i verk investeringsprosjekt. Kommunedirektøren orienterte om dei fullmakter kommunestyret har gitt han i samband med slike prosjekt.

Det kan type på at det tidlegare har vore ulike delegasjonar og/eller praksis i Flora og Vågsøy vedkomande iverksetjing av investeringsprosjekt. Dette kan ha skapt ein del uklarheiter/mistydingar. Det som er klart er at no er det dei fullmakter som Kinn kommunestyre har gitt til kommunedirektøren som gjeld.

Det er viktig å få klargjort alle fullmakter som kommunestyret har gitt vedkomande investeringsprosjekt i delegeringsreglementet og å komme til ein felles forståelse for kva fullmakter kommunedirektøren har i samband med investeringsprosjekt. Dette må klargjerast på neste møte i kontrollutvalet.

Eventuell endring av delegering må vedtakast av kommunestyret.

Møtet slutt.

Bjørn Hollevik.
Leiar

Kjell Heggen
Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret i Kinn som melding**
Vestland Revisjon
Kommunedirektøren til orientering
Ordføraren til orientering